

Tysse 23.9 2012

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Samnanger Jeger og Fiskerlag

v/Ove Gåsdal

5650 Tysse

Uttale konsesjonssøknad frå Aldal Kraft AS

NVE ref: NVE 201104255-12 kv/firh

Samnanger JFL støtter at Aldal Kraft AS får konsesjon til å byggja Aldalselva kraftverk med følgjande grunngjeving.

1. Eit elvekraftverk i Aldalselva er ei skånsam utnytting av kraftressursane i vassdraget.
2. Strekninga som vert påverka har liten verdi for sportsfiske.
3. Den anadrome delen av vassdraget vert lite påverka. Aldalselva er ei av småelvane rundt Samnangerfjorden som er viktige for sjøaurebestanden i fjorden.
4. Alternativet er at BKK får byggja i Aldalen, det ser SJFL på som ei miljømessig katastrofe. BKK planlegg dykka utslepp i fjorden som ingen veit konsekvensane av før kraftverket er i drift. Overføring av mesteparten av vassføringa i Tysse-elva vil seia det same som at potensiale for elva som laksevassdrag er borte.
5. Lokal småkraftutbygging er med og gjev inntekstgrunnlag for små bruk, sjølv om grunneigarane i dag får erstatning, vert dei frårøva råderetten av fallrettane sine når store selskap som BKK byggjer ut.

Regulering av Fitjavatnet ved utbygginga. Så lenge reguleringa av vatnet er innanfor normale svingingar, har ikkje SJFL merknader til dette.

For Samnanger Jeger og Fiskerlag

Ove Gåsdal, formann